



» Sjølvkostområder - gebyrfinansierte tenester

5000 Byggesak

Byggesak - teneste 3020

Rekneskap 2020: Kr 0

Kapasiteten på byggesak har vore - og er fortsatt kritisk grunna sjukdom og permisjonar i delar av året. Ein har difor hatt maksimalt fokus på å forsere restansar/saksmengde siste halvåret av 2020. I tillegg har ein kjøpt saksbehandlingstenester og støtte-/samordningsfunksjon frå privat firma som har vore til stor hjelp. Kjøp av slike tenester vidareførast.

Ein har ikkje prioritert tilsyn i løpet av året. Tilsyn vert heller ikkje prioritert så lenge bemanningssituasjonen er som i dag.

Av kostra 2020 framgår at 85 % av alle byggeløyver er gitt ved dispensasjon. Til samanlikning ligg landsgjennomsnittet på 17 % og for kommuner i same kostragruppe 23% - sjå tabell nedanfor. Ein så høg andel av dispensasjonsløyve er alarmerande om må kartleggast nærmare. Saksbehandlingstida (78 dagar) på saker med 12 veker frist må sjåast i lys av dette og bemanningssituasjonen.

Sjølvkostgraden ligg på 99% noko som vurderast som særst godt.

Eigarseksjonering – teneste 3025

Regnskap 2020 : Avsetning til fond kr. 3.958

Eigarseksjonering omhandlar matrikulering av sameige/fleirmannsbustader. Saksmengda ligg på rundt 10-15 saker pr. år. Sakene blir behandla fortløpande og det er ingen opparbeidde restansar.

År	Saker totalt	Saker med 3 veksers frist	Saker med 12 veksers frist
2019	292	Usikre tal (tidsbruk: 20 dagar)	Usikre tal (tidsbruk: 84 dagar)
2020	246	48 saker (tidsbruk: 18 dagar)	164 saker (tidsbruk: 78 dagar)

Kostra

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Andel av innvilga byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	Enhet	85	25	..	23	17
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	Enhet	78	65	65	42	39
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	Dagar	18	33	21	20	17

5310 Feiing og tilsyn

Regnskap 2020 : Avsetning til fond kr. 764.411

Årets resultat på kr 1 173 151 vert brukt til inndekning av tidlegare års negative resultat på kr 411 180, og resten kr 764 411 vert satt av på fond.

Feiitenesta vert kjøpt frå Ålesund kommune, og det vert feia annakvart år. Det har ikkje vore utgifter i år(feiing anna kvart år), men har fått inn løpande inntekter (årleg utsending av gebyr).

Årets avsetning til fond vert å nytte til kjøp av feietenester neste år.

5410 Oppmålingsforretning

Regnskap 2020 : Bruk av fond kr. 48 056

Kommunen kjøper oppmålingstenester frå privat landmålarforetak. Pr. i dag utgjer kjøp av slike tenester halve oppmålingsgebyret. Øvrig halvdel av gebyrinntektene dekker kommunens eige arbeid med med mottak av krav til matrikkelføring, kontroll av måleprotokoll samt matrikkelføring/tinglysing.

Det er pr i dag ingen restansar.

6200 Vassforsyning

Regnskap 2020 : Avsetning til fond kr. 2.728.347

Differanse mellom budsjettert bruk av fond på kr. 591.837 og faktisk regnksapmessig avsetning på kr. 2.728.347 skuldast :

- Vesentlig høgare inngang av tilknytingsgebyr
- Lågare renteutgifter (kalkulatoriske renter)
- Generellt underforbruk på øvrige budsjettpostar

Tilstand/alder i forsyningsnettet medfører om lag 40% svinn/lekasje. Ein har difor auka utskiftingstakten/fornyinga av leidningsanlegga til 8 mill. for 2020. I tillegg er ein i ferd med å etablere målekummar for betre å kartlegge omfang- og lekkasjepunkt i dei ulike leidningstrekka.

Ein er i prosess med forhandling av ny avtale om kjøp av vatn frå Ålesund kommune. Ein har pr i dag ikkje ferdigstilt forhandlingane, men høgare pris pr. m3 må forventast ut frå dei investeringar som Ålesund no er i ferd med å gjere i eigen vassproduksjon.

Utført oppgradering på leidningsnettet	2019	2020
Antal nye meter leidningsnett	883 m	2 100 m
Antal meter fornya	4 103 m	2 663 m
Antal lekkasjereparasjonar	8 hendingar	15 hendingar

Vassmengde levert på nettet	2019	2020
Vassmende frå Alnesvatnet	935 072 m3	927 011 m3
Vassmengde levert frå Ålesund	221 202 m3	128 100m3
Totalt forbruk inkludert lekkasje	1 156 274 m3	1 055 111 m3

6300 Avløp og rensing

Regnskap 2020 : Avsetning til fond kr 2 310 423

Differanse mellom budsjettert bruk av fond på kr. 1.790.641 og faktisk regnskapsmessig avsetning på kr. 2 310 423 skuldast :

- Vesentlig høgare inngang av tilknytingsgebyr
- Lågare renteutgifter (kalkulatoriske renter)
- Generellt underforbruk på øvrige budsjettpostar

I 2020 vart mesteparten av budsjetmidlane nytta til å utbedre setnings skader på Godøy brannstasjonen etter kollaps av et gammelt 1000 mm overvassrør stålrør som lå under stasjonen og påførte bygget betydelige skader .

Det ble i tillegg bytta og oppgradert nokre korte spillvatn- og Overvassrør på andre prosjekt.

Det er større fokus på utskifting av avløp og spillvatn i 2021.

6350 Slamtømming

Regnskap 2020 : Reduksjon av tidligare års ikkje framførbare resultat 96 869

Årets resultat på kr. 96.869 vert brukt til inndekning av tidlegare års negative resultat 324.115, og ein har då eit fortsatt negativt ikkje framførbart underskudd på kr. 227.232

6400 Renovasjon

Regnskap 2020 : Bruk av fond kr. – 473.031

Planlagt nedjustering av eldre fondsmidlar.

Miljøsekskapet ÅRIM har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam i Ålesundregionen. Selskapet er eigd av sju kommunar; Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund, med meir enn 100 000 innbyggjarar. Selskapet driv ni miljøstasjonar og har årlege innsamlingar av miljøfarleg avfall i nærområda til innbyggjarane.

ÅRIM er eit kompetansesenter som driv haldningsskapande arbeid for å auke kunnskap om miljø, gjenvinning og avfallshandtering. Selskapet legg vekt på miljøvennleg og effektiv drift.